



GULEN KOMMUNE

Ordføraren

Landbruksdepartementet

Sakshandsamar:
TBR

Direkte tlf.nr:
57 78 20 02

Arkiv

Saksnr
03/01173

Løpenr
005472/03

Dato:
11.12.2003

HØYRINGSUTTALE FRÅ GULEN - NYE FORSKRIFTER LANDBRUK/SKOGBRUK

Det ligg føre framlegg til to nye forskrifter som medfører overføring av mynde til kommunane. Dette er eit ledd i oppfølginga av St.meld.nr.1 (2001 – 2002) *Nye oppgåver til lokaldemokratiet – regionalt og kommunalt nivå*.

Opplegget medfører ei stor endring i forvaltning av ein del økonomiske verkemiddel i landbruket. Fylkesmannen vil tildele ei årleg disposisjonsramme til den einskilde kommune. Tildelinga til kommunen bli fastsett ut frå fleirårige tilskotsstrategier som kommunen utarbeider.

Konsekvensane for kommunane er mellom anna at dei får ei ekstra arbeidsmengde ved at heile forvaltninga av ordningane vert overført til kommunane. Opplegget har mange positive sider og bør kunne gjennomførast.

Meirarbeid for kommunane vert i noko grad teke omsyn til då storleiken på rammeoverføringane basert på landbruksforvaltning til kommunane er justert opp. Men i hovudsak er denne oppjusteringa, så langt vi kan sjå, i realiteten ei oppgradering som burde vore gjort årleg over fleire av dei siste åra. Enno ein gong ser det ut til at kommunane må ta på seg oppgåver utan å få kompensert for meirutgiftene på ein skikkeleg måte

I prinsippet er det nokre få merknader til sjølve forskriftene Desse er:

Tilskot til spesielle miljøtiltak i landbruket:

- lag og organisasjonar bør kunne søkje
- Jordlova med bakgrunn i § 1 opnar for at kommunane kan vurdere kven som kan komme inn under ei slik ordning.

Tilskott til nærings- og miljøtiltak i landbruket:

- Det bør gjevast høve til å støtte taubanedrifter (sjå nedanfor)

Den viktigaste merknaden er knytt til tildelingsskrivet:

I våre området er utfordringa i dag å kunne hauste dei store skogressursane som er hogstmogne i dag og dei enno mykje større ressursane som kjem til i dei næraste åra.

Samfunnet har lagt ned enorme ressursar for å få denne skogen på plass i form av skogreisningstiltak og kulturtiltak over ein lang periode.

Dei to viktigaste føresetnadene for å kunne hauste denne ressursen i dag er å bygge fornuftige skogsvegar som ofte må og bør kombinerast med opplegg for effektiv taubanedrift.

Avgrensinga i tildelingsskrivet om ikkje å kunne nytte meir enn 50% av tildelt beløp til skogstiltak til vegar set ein effektiv stoppar for å kunne hauste skogen. Det er trongen for stimuleringsstiltak på vegsektoren som gjev avvirkningsmoglegheiter og som er det desidert viktigaste tiltaket no. **Denne avgrensinga på 50% må bort.**

Elles synest det som forskrifta legg opp til å ikkje kunne stimulere til drift med taubane. **Dette må også vere direkte feil signal når det vi har bruk for er å kunne nytte taubane for å få til effektive og miljøvenlege drifter i kombinasjon med skogsvegbygging.**

Med omsyn til tilskot til skogkultur verkar det ulogisk at det ikkje skal vere høve til å gje tilskot til det mest verdiskapane og kvalitetsfremjande tiltaket innan skogkultur; tilskot til planting.

Sidan kommunen får forvalte tildelte midlar er det naturleg at vi får fullmakt til å foreta prioritering slik vi meiner er til det beste for vår kommune.

UTTALE FRÅ GULEN KOMMUNE:

Gulen kommune støttar i hovudsak framlegga til forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i landbruket og forskrift om tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket. Kommunen legg til grunn § 1 i jordlova gjev føring for kva eigedomar som kan få tilskot. Det må vere ein føresetnad at:

- Avgrensinga i tildelingsbrevet om å kunne nytte berre 50% av tildelt beløp til skogstiltak til vegbygging vert fjerna utan atterhald.
- At det vert høve til å stimulere til taubanedrift.
- Forskrifta må gje høve til å gje tilskot til planting og såing.

Det er også sjølvsagt at staten må syte for at kommunane får nok ressursar til å kunne gjennomføre det meirarbeidet ordninga medfører. Auken i rammeoverføringane er i utgangspunktet ikkje nok.

Med helsing

Trude Brosvik
Ordførar

Postmottaket

Fra: Reidun K. Halland [reidun.halland@gulen.kommune.no]
Sendt: 11. desember 2003 15:59
Til: Postmottaket
Kopi: Trude Brosvik; Magne Instefjord; Leif Nordgulen; 'Anders Lorentzen'
Emne: Saksnr. 2003 02997



Uttale

landbruk.skogbruk.doc

Viser til vedlagt uttale.

<<Uttale landbruk.skogbruk.doc>>

Med helsing
Reidun K. Halland
rådmann

Gulen kommune
5966 EIVINDVIK
Tlf: 57782000 / 57782001 (direkte)
Fax: 57782099
e-post: reidun.halland@gulen.kommune.no

2003, 2997 - 144
11. DES 2003 ASR/BS
TIN 486